



Aktuelle kommunar i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Marit Lunde, 57 64 30 05

## Skjønnsmidlar til førebygging av flaumskadar i Vestland - frist for rapportering 01.10.2020

Vi viser til orientering om skjønnsmidlar i møte saman med beredskapseininga, og i e-post. Vestland fylke fekk tildelt 10 mill. kroner til flaumførebyggjande tiltak i kommunane. Vi fekk inn søknader frå totalt 15 kommunar.

I brev frå kommunal- og moderniseringsdepartementet 25. mai, vart det lagt følgjande retningslinjer til grunn for tildelinga:

- det kan gjevast støtte til iverksette og planlagde førebyggjande tiltak, som vil ha effekt under den venta vårflaumen.
- primært skal tiltaket førebyggja skade på kommunal infrastruktur og eigedom
- tiltaka må kunne gjennomførast raskt, og akutte tiltak vert prioriterte
- det skal ikkje gjevast støtte til meir langsiktige førebyggingstiltak
- det skal leggjast til grunn ein eigenandel på 15 prosent per kommune
- det skal sendast inn ei enkel rapportering på kostnadene i etterkant, til Fylkesmannen
- meirverdiavgift skal trekkast ut av tildelingsbeløpet

På bakgrunn av retningslinjene og dei innkomne søknadene har Fylkesmannen tildelt midlane slik det går fram i tabellen nedanfor:

Kommune:	Sum:
4618 Ullensvang	1 100 000 kr
4621 Voss	850 000 kr
4622 Kvam	425 000 kr
4624 Bjørnafjorden	1 500 000 kr
4628 Vaksdal	550 000 kr
4629 Modalen	Sjåast i samanheng med søknad frå Alver
4631 Alver	850 000 kr
4635 Gulen	215 000 kr



4638 Høyanger	510 000 kr
4641 Aurland	425 000 kr
4642 Lærdal	425 000 kr
4643 Årdal	1 400 000 kr
4644 Luster	770 000 kr
4647 Sunnfjord	850 000 kr
4617 Kvinnherad	130 000 kr
<b>SUM</b>	<b>10 000 000 kr</b>

Fylkesmannen har sendt oppmoding om utbetaling til departementet, og midlane skal då vere på kommunens konto 3. juli. Om det er utbetalt midlar som ikkje blir brukt, må desse betalast attende til departementet.

### Rapportering

Det skal sendast ei enkel rapportering til Fylkesmannen på bruken av midlane, merka med sak 2020/8525. Oversikta må vise kva utgifter som er dekkja, med sum, fakturanummer, og navn på mottakar. Frist for rapportering er 01.10.2020.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Anne Kristin Kayser Eitungjerde  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*